

Saksbehandlar: Ida-Beate Mølmesdal, Fylkesrådmannen
 Sak nr.: 16/9023-3

Tilskotsordning for hurtigladestasjoner i Sogn og Fjordane 2016 - 2017 - nytt framlegg

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkeskommunen held fram med å ta ei koordinerande rolle i å få på plass hurtigladestasjoner i fylket, og bidreg til oppretting av hurtigladestasjoner ved sentrale knutepunkt eller strekningar som ikkje fell inn under ENOVA si støtteordning.
2. Tilskotsordninga vert revidert dersom det frå statleg hald vert gjort endringar i gjeldande støtteordning gjennom ENOVA, eller ved behov når Regional transportplan og Regional plan for klimaomstilling vert vedtatt.
3. Fylkeskommunen bidreg til etablering av hurtigladestasjonen, ikkje til drift og vedlikehald.
4. Maksimal støtte frå fylkeskommunen er kr 100 000 per prosjekt.
5. Ordninga vert finansiert ved at det vert gjev løyve til å disponere restmidlane på klimafond 25699925 der saldoen i dag er kr 680 000. I tillegg må fylkesrådmannen vurdere og ev. følgje opp å søke om støtte frå Miljødirektoratet sine Klimasatsmidlar - dersom kriteria for 2017 opnar for dette.

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn

Det er viktig å få på plass fleire hurtigladestasjoner ved sentrale knutepunkt og vegstrekningar i fylket. Elbilar og hurtigladestasjoner er tema både i Regional Transportplan og Regional plan for klimaomstilling, to planar som er under utarbeiding. Medan vi ventar på at desse planane vert vedtekne i 2017, er det likevel naudsynt å drive fram utbygging av hurtigladestasjoner. Fylkesrådmannen ynskjer gjennom denne saka å etablere ei tilskotsordning som stimulerer til slike fleire slike stasjonar. Gjennom dette vidarefører også fylket si koordinerande rolle i arbeidet med å redusere klimagassutsleppa frå private bilar.


I gjeldande Fylkesdelplan for klima og miljø er det vedteke at fylkeskommunen skal arbeida med å *redusere klimagassutslepp og førebyggje utslepp gjennom endring i produksjon, forbruk og samfunnsinstitusjonar som bidreg til utslepp*. Som ein av strategiane til å gjennomføre dette blei det vedteke å effektivisere personbilar og redusere forbruk av drivstoff ved privat bilkøyring. Eit av fleire tiltak i planen var at fylkeskommunen skulle «*Bidra med midlar og kompetanse for å sørge for utbygging av fleire hurtigladepunkt for elbil i fylket*». Hovudutvalet for Plan og næring (HPN) vedtok i møte 06.02.2013, sak 15/13, ein strategi for hurtigladestasjoner. Denne blei justert i 2014 då HPN den 05.02.2014, sak 14/14, vedtok ein oppdatert strategi for hurtigladestasjoner. Eitt av kriteria for å få støtte frå fylkeskommunen var at ein også måtte ha

fått stønad frå Enova (tidlegare Transnova). Enova si ordning blei endra hausten 2015. Nyordninga går ut på å bidra til ei rask utbygging, og å stimulere til konkurranse i marknaden. Enova har delt opp transport-korridorane i geografiske område, og har latt tilbydarane konkurrere om utbygginga i kvart område. Enova har gitt investeringsstøtte for etablering av ladestasjonar, men ikkje støtte til drift av stasjonane.

Strekningane i fylket som er dekkja av ENOVA si utlysing er:

UTLYSING 1 25. SEPTEMBER 2015	
E16	Sandvika–Bergen
RV7/RV52	Hønefoss–Borlaug
UTLYSING 2 27. JANUAR 2016	
E39	Stavanger–Bergen–Ålesund–Trondheim
UTLYSING 3 9. MAI 2016	
RV5	Lærdal–Florø
RV15	Otta–Måløy


Kartet under viser vegstrekningane som vert dekkja og bygd ut gjennom ENOVA si støtteordning til etablering av infrastruktur for elbilar. Dei raude stjernene viser alt etablerte hurtiglادestasjonar. Av kartet kan vi sjå at det er fleire stader i fylket som ikkje er dekkja av ENOVA si ordning, m.a. langs Sognefjorden Rv 55.



ENOVA sine utlyste vegstrekningar, NOBIL sin informasjon om etablerte hurtiglادepunkt i fylket, kart frå Norge digitalt.


Kunnskapsgrunnlaget for Regional planstrategi peikar på at bilen er og vil bli viktigaste transport-middelet i fylket også framover. Difor er det viktig at privatbilismen føregår på så miljøvenleg måte som mogeleg. Av dei nasjonale utsleppa frå transport ser ein at klimagassutsleppa frå personbilar og varebilar/tunge køyretøy utgjør største delen av det totale utsleppet frå transportsektoren. For å redusere desse klimagassutsleppa føreslår nasjonale transportetatar at

alle nye privatbilar, by-bussar og lette varebilar etter 2025 skal vere nullutsleppskøyretøy. Vi har ein lang veg å gå for å legge til rette for at alle vel eit nullutsleppskøyretøy når dei kjøper ny bil, men vi vonar at søke-ordninga kan vere med å bidra i rett retning.



Andel el-personbilar etter fylke, 2015. Kjelde: Statistisk sentralbyrå (Motorvognregisteret).

Sjølv om tal elbilar i fylket stig, ser vi også at vi er eitt av fylka med lågast del elbilar av bilparken. Vi hadde berre 0,75 % elbilar i 2015. Dersom ein ser på personbilane (eigentransport) ser vi at det er 394 elbilar registert i fylket i 2015. Vi antek at dette talet har stege i 2016, i tillegg til at vi har auke i tal ladbare hybridbilar. Ladbare hybridbilar er ikkje mogleg å få tal på frå SSB, då desse blir plassert i den drivstoffklassen som dei brukar.



Tal elbilar som personbilar i Sogn og Fjordane, Kjelde: SSB (Motorvognregisteret).

På www.ladestasjoner.no kan ein få tilgang til informasjon om etablerte hurtigladdestasjoner i Noreg. Data vert levert av NOBIL. Fylkeskommunen har kjøpt tilgang til denne informasjonen, slik at vi kan presentere informasjon om hurtigladdestasjoner i Fylkesatlas.

2. Vurdering

Det er viktig å etablere eit godt nettverk av hurtigladedestasjonar i fylket. I dag finst det mange normalladepunkt i fylket, men å lade elbilen på desse punkta tek tid. Ein må stå parkert i 6-8 timar for å lade frå 0 til 80%. For å gjere bruken av elbil meir attraktiv, vert det naudsynt med hurtig-ladestasjonar der ein kan gjere same ladinga på 20-30 minutt. Først då kan bruk av elbil over lengre distanser bli meir aktuelt.

Det er naudsynt med utbygging av ladepunkt på fylkesvegnettet, primært på fylkesvegar i funksjonsklasse B (regionale hovudvegar). For å få bygd hurtigladedepunkt langs sentrale knutepunkt og strekningar er det naudsynt med eit samarbeid mellom offentlege og private aktørar. Etableringa må vere lokalt forankra og gagne lokalsamfunna. Aktuelle samarbeidspartnarar er nettselskap, kommunar, hotell, lokale verksemdar eller organisasjonar.

Krav til hurtigladedestasjonane vil vere:

- Plasseringa må vere avklart med grunneigar.
- Plasseringa må vere ein naturleg møteplass knytt til sentrale knutepunkt og strekningar i fylket.
- Plasseringa må vere på ein lett synleg stad i trafikksikker avstand til anna trafikk.
- Der ladepunkt blir etablert, må det vere avsett eigna plass for oppstilling av køyretøy medan lading føregår.
- Stasjonen må vere godt merka, og bli meldt inn til relevante nettsider som for eksempel www.ladestasjoner.no ved ferdigstilling.
- Stasjonen må ha tilgang til tilstrekkeleg nettkapasitet.
- Søkjar har ansvar for at etablering av ladestasjon skjer etter dei sikkerheitssystem som er kravd ved denne type installasjon.
- Ladaren må kunne nyttast under dei klimatiske forhold som førekjem der den blir installert.
- Ei betalingsløyising må kunne nyttast av alle.

Vi prioriterer prosjekt innan desse områda:

- Ei plassering/område som ikkje blir dekkja av [ENOVA](#) si søkeordning for utbygging av hurtigladedestasjonar.
- Ei plassering som ligg i samband med viktige vegstrekningar i fylket. Ladepunkt på fylkesvegnettet, primært på fylkesvegar i funksjonsklasse B (regionale hovudvegar) vert prioritert.
- Ei plassering som bidreg til at vi får ei betre dekningsgrad for bruk av elbilar i fylket.
- Ei plassering som kan gagne lokale verksemdar og utvikling.
- Tiltak som er finansiert saman med støtte frå lokale aktørar, enten det er private verksemdar, næringsliv eller kommunen.

Søknadane vil bli vurdert av ei administrativ gruppe samansett av ein representant frå nærings- og kulturavdelinga, ein representant frå samferdsleavdelinga og ein representant frå planstaben.

3. Finansiering

I 2010/2011 sette fylkeskommunen av midlar til energimerking av større offentlege bygg. Denne ordninga er finansiert, og restmidlane på kr 680 000 er plassert på disposisjonsfond 25699925 *Energimerking og oppfølging av miljø/klima*. Fylkesrådmannen tilrår no at desse midlane vert

omdisponert til å støtte etablering av fleire hurtigladepunkt i fylket, og at vi kan gje eit tilskot på inntil kr 100 000 til kvart prosjekt. Intensjonen med å bruke midlane innafor miljø/klima-arbeid vil framleis vere ivareteken. Desse midlane kan såleis ha utløysande effekt for at vi kan få bygd inntil 6 – 7 hurtigladepunkt i fylket. Denne omdisponeringa inneber at denne saka må til FT for avgjer.

Anna finansiering (ny tekst til FU 5.12 mv)

Miljødirektoratet forvaltar klimasatsmidlar gjennom nettstaden Miljøkommune.no. Dette er ei informasjons- og samleside til hjelp for kommunar og fylkeskommunar som arbeider for å bidra til omstilling til eit låg-utsleppsamfunn. Ein av støtteordningane her er retta inn mot klimavennleg transport. Det vart i 2016 t.d. gjeve støtte til «ladepunkt eller annen infrastruktur som stimulerer kommuneansatte og innbyggere til fossilfri transport i områder der kollektiv, sykkel og gange ikke er gode alternativ». Støtteordninga har neste søknadsfrist 15. februar 2017 og miljødirektoratet arbeider med å oppdatere søknadskriterier i desse dagar.

I samband med søknadshandsaminga i 2016 fekk direktoratet søknader for 414 mill. kr, og måtte gjere harde prioriteringar. Alle søknader om tilskotsordningar fekk avslag, og berre konkrete prosjekt blei prioritert. Vidare prioriterte dei ladepunkt til kommunale tenestebilar. Dei fekk ladesøknader for over 70 millionar kroner. Hurtigladeestasjonar fekk ikkje tilskot utover dei utbyggingane Enova støttar.

Fylkesrådmannen vil vurdere og ev. følgje opp dei nye søkekriteria for ordninga i 2017, og dersom desse kan gje opning for støtte til tilskotsordningar og hurtigladeestasjonar, vil vi innan fristen utarbeide ein oversikt over samla behov for nye hurtigladeestasjonar og sende søknad om støtte.

Fylkesrådmannen har ikkje funne andre finansieringsordningar som kan vere relevante på dette tidspunkt.

4. Konklusjon

Fylkesrådmannen rår til at fylkeskommunen held fram med satsinga på utbygging av infrastruktur for elbilar ved viktige knutepunkt eller på viktige vegstrekningar i fylket. For å ikkje å tape tid medan vi ventar på konklusjonane i Regional Transportplan og Regional plan for klimaomstilling, ynskjer vi no å nytte oss av avsette klimafondmidlar til å støtte etableringa av hurtigladeestasjonar i fylket. I tillegg vurderer vi å søke støtte frå klimasatsmidlane til Miljødirektoratet dersom dei nye søknadskriterier for 2017 opnar for dette.